



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/167-60

8. desember 2022

Fråsegn om at det må setjast av planleggingsmidlar til planarbeid for E39 Vågsbotn–Klauvaneset for 2023 – svar

Eg viser til fråsegn datert 29. november 2022 der Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Regionrådet Nordhordland, Bergen Næringsråd, Nordhordland Næringslag og E39-utvalet i Sogn og fjordane ber om om at det blir sett av planleggingsmidlar til E39 Vågsbotn–Klauvaneset i 2023.

I fråsegna blir det mellom anna trekt fram at E39 Klauvaneset–Vågsbotn er innfartsvegen til Bergen frå nord og ny veg er kritisk nødvendig å få på plass. Det er høg trafikk med lange køar og hyppige ulukker. Prosjektet er klart for oppstart av reguleringsplan. Avsendarane meiner det er avgjerande viktig at reguleringsplanen for prosjektet kjem i gang tidleg i 2023. Dei viser til at Statens vegvesen har uttalt at posten til planmidlar er redusert, og at det er vanskeleg å prioritera inn oppstart av nye planer.

Eg er godt kjent med utfordringane på denne vegstrekninga, og eg har stor forståing for det lokale og regionale engasjementet for vidare framdrift i prosjektet.

I forslaget til statsbudsjett for 2023 har regjeringa sett det som nødvendig å dempe innsatsen på og prioritere strengare innanfor samferdselssektoren. Vi er alle godt kjent med den ekstraordinære situasjonen vi står i med verknadene av koronapandemien, krigen i Ukraina og stigande prisar. Målet med eit strammare budsjett er å unngå ytterlegare press i norsk økonomi.


Regjeringa har avgjort at neste nasjonale transportplan skal leggast fram eitt år tidlegare enn praksis skulle tilseie. Det inneber at transportplanen blir lagt fram våren 2024 for perioden 2025–2036. Den nye transportplanen skal vere oppdatert og tilpassa Noregs

framtidige transportbehov, samtidig som dei økonomiske rammene er tilpassa ei framtid med forventningar om auka behov i andre sektorar. Regjeringa vil i meldinga gi ei heilskapleg vurdering av prioriteringane innanfor sektoren.

Fram til den nye transportplanen blir lagt fram, vil regjeringa sin hovudstrategi vere å ta vare på eksisterande veg- og jernbaneinfrastruktur og fullføre dei mange prosjekta over heile landet som enten er i gang eller i oppstartsfasen. Dei nærmeste åra vil det vere mindre rom for å starte opp store investeringsprosjekt på riksveg og jernbane enn det som følger av Nasjonal transportplan 2022–2033, og det vil ta lengre tid å gjennomføre dei prioriterte prosjekta. Det betyr også at Statens vegvesen må tilpasse planleggingsaktiviteten sin i 2023 og i etterfølgjande år ut frå ein føresetnad om avgrensa rom for vekst.

E39 Vågsbotn–Klauvaneset var ikkje ein del av porteføljen i Nasjonal transportplan 2022–2033, men var som kjent eitt av fleire prosjekt som fekk støtte frå eit fleirtall i Stortinget då transportplanen blei behandla i 2021. Regjeringa har sørgt for at prosjektet no er lagt inn i porteføljen til Statens vegvesen. På denne måten vil det få ei reell vurdering opp mot dei andre prosjekta som inngår i Nasjonal transportplan når Statens vegvesen gjer den årlege porteføljeprioriteringa.

Med helsing



Jon-Ivar Nygård

Adresseliste

Bergen kommune
Bergen Næringsråd
E39-utvalet i Sogn og fjordane
Nordhordland Næringslag
Regionrådet Nordhordland
Vestland fylkeskommune